

Aksjonsnemnda Vigdøla i Jostedalen

v/ Bjørn André Skjæret  
6871 Jostedal

Jostedalen, 9. oktober 2015.

Til NVE

Statkraft har søkt om konsesjon for å bygge Vigdøla kraftverk i Jostedalen, Luster kommune. NVE har i tilrådinga av 18. desember 2013 tilrådd at det vert gjeve konsesjon. No har Statkraft søkt om ei redusert utbygging. Me meinat Aksjonsnemda sine argument frå førre høyingsrunde er like gjeldande no. I tillegg er den lokale motstanden gjort meir tydeleg med dei siste resultata frå behandling i formannskap og kommunestyre.

Me ber NVE seie nei til konsesjonssøknaden og vil peike på følgjande:

#### **I strid med utbyggingskompromisset i 1984**

Då Stortinget gav konsesjon til Jostedalsutbygginga sommaren 1984, gjekk Stortinget etter ein langvarig strid inn for den minst omfattande utbygginga. Miljøverndepartementet gjekk inn for utbygginga, men ville primært ta ut Vigdalen på grunn av naturverdiane. OED var den gongen òg kritisk til utbygging av Vigdøla, men gjekk inn for det på grunn av den nasjonale forsyningssituasjonen. Stortingsvedtaket vart den gongen oppfatta som eit breitt kompromiss mellom verne- og utbyggingsinteresser og hadde solid lokal forankring, trass i at Vigdalen vart teken med. Den sterke lokale motstanden i dag kjem ikkje minst av at den nye Vigdøla-utbygginga set det ein trudde var eit endeleg politisk kompromiss til side. Utbygginga den gongen gjaldt nedbørsfelta over ca. 1200 m.o.h. i Vigdøla-vassdraget og reduserte vassføringa monaleg.

#### **Konsekvensar for fisken**

NVE har i sine vurderingar teke for lett på dei kritiske innvendingane som er kome mot konsekvensane for auren si gyting i Jostedøla nedstraums samløpet med Vigdøla. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane seier i si høyingsfråsegn: «Mindre klart vatn og lågare temperatur vil vere svært uheldig for dette området.»

#### **Konsekvensar for reiseliv og friluftsliv**

Vigdalen er ein svært viktig innfallsport til den nye Breheimen Nasjonalpark og DNT-rutenettet, og området vil bli stadig meir attraktivt for dei lokale aktørane innan opplevelingsturisme. Nettverket av reislivsinteresser i Jostedalen (Jostedal SigNatur) har gått sterkt imot utbygginga. Blikkfanget og landemerket Håvardsfossen ved inngangen til Vigdalen vil bli sterkt forringa, og fråføringa av vatnet vil gjere tilhøva for rafting i Jostedøla vanskelegare på dagar med lite vassføring.

Luster og Jostedalen satsar stort på turisme og reiseliv, dette er ei næring som gir mange viktige arbeidsplassar i bygdene. For å utvide næringa må ein ha fleire aktivitetar og det fører no til ei satsing på såkalla lågterskel-aktivitetar, det vil sei enklare turar, fotturar og gjerne med spesielle tema. Vigdalen er eit viktig område for denne type aktivitet fordi det er ein særskild historie knytt til området, og det er fleire geologiske særteikn å studere. Så sjølv om denne utbygginga har tilsynelatande små tekniske inngrep, så er det allereie store innrep fra førre utbygging, og endå fleire innrep vil ha stor betydning for den totale opplevinga av området.

### **Massiv lokal motstand**

Høyringsrunden viste at det lokalt knapt finst nokon som støttar utbygginga. Alle grunneigarar er imot, det same er alle fastbuande i Vigdalen, Vigdal grendalag, reiselivsinteressene i Jostedalen og Luster kommune (kommunestyret). Regionalt har både Sogn og Fjordane turlag, Sogn Villaksråd og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gått imot utbygginga. Saka vart teken opp att i formannskapet og kommunestyret i Luster hausten 2015. Formannskapet stemte nei, og kommestyret var nesten einstemmig imot. Dette er eit svært kontroversielt prosjekt heilt utan lokal støtte.

Med helsing

Aksjonsnemnda Vigdøla i Jostedalen

Bjørn André Skjærret

leiar